



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Utval for drift, utvikling og kultur
Møtestad: Rådhuset
Dato: 09.02.2026
Tid: Kl. 13:00 - 16:03

Følgande medlemmer møtte	Parti
Opheim, Åge	H
Hanne Kathrine Sørhus	KRF
Haugen, Jan Idar	SP
Hortman, Solveig	SP
Guri Ravatn	SV
Ivar Persvangeren Ødegård	VIL

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Bjørn Alvseike	FRP	Heggen, Sjur	FRP

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar.

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 02.02.2026.

Representant frå Frp, Bjørn Alvseike, hadde fråfall, vararepresentant Sjur Erling Heggen møtte.

Møtet vart leia av Jan Idar Haugen (Sp).

Frå administrasjonen:

Halfdan Krohn Brekke, kommunalsjef samfunnsutvikling

Thomas Vestbø, einingsleiar areal og forvaltning

Øyvind Kristiansen, prosjektleiar VAR, Areal og forvaltning

Ane Kesia Eide Fatland, einingsleiar kultur og læring

Silje Holden Birkeland, biblioteksjef kultur og læring

Mona Kristin Haraldseid, politisk sekretariat

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste : Ingen merknad.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
002/26	Referatsaker
003/26	Orienteringssaker
004/26	Avtale om skulelokaler og fasiliteter for Vinterlandbruksskolen i Ryfylke
005/26	Privatisering av kommunale kaiar
006/26	Spørsmål til administrasjonen

001/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Møteleiar fremma forslag om Hanne Kathrine Sørhus (Krf) og Åge Opheim (H) til å godkjenne og signera møteprotokoll.

Dette blei samrøystes vedtatt.

DUK - 001/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokoll vart desse valde:

1. Jan Idar Haugen (Sp), møteleiar
2. Hanne Kathrine Sørhus (Krf)
3. Åge Opheim (H)

002/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

DUK - 002/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

003/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Orienteringar frå Halfdan Krohn-Brekke, kommunalsjef samfunnsutvikling
Orienteringar frå Thomas Vestbø, einingsleiar Areal og forvaltning - generelt frå kommunalteknisk.
Orienteringar frå Ane Kesia Eide Fatland, einingsleiar Kultur og læring - presentasjon om eininga.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

DUK - 003/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

004/26 Avtale om skulelokaler og fasiliteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om skulelokaler og fasiliteteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke.

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

DUK - 004/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om skulelokaler og fasiliteteter for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke.

005/26 Privatisering av kommunale kaiar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å redusera talet på kommunale kaiar etter framlegg i saka. Saka vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Øyvind Kristiansen , prosjektleiar VAR - område orienterte om status kommunale kaiar Vindafjord kommune.

Nytt forslag:

DUK sender saka tilbake til administrasjonen, då ein treng naudsynste presiseringar frå kommunedirektøren for å handsama saka.

Votering:

Forslaget om utsetting vart samrøystes vedtatt av DUK.

DUK - 005/26 Vedtak:**006/26 Spørsmål til administrasjonen**

09.02.2026 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling**Spørsmål frå Ivar Ødegård (VIL):**

Utvida førespurnad til områdeleiarar – bruk av kunstig intelligens (KI) og velferdsteknologi

Er det mogeleg å få ei samla oversikt over status, planar, kompetanse og forankring knytt til bruk av kunstig intelligens (KI) og velferdsteknologi i områdene som ligg under fagutvalet? Kan de gje ei kort tilbakemelding på punkta nedanfor.

1. Bruk dei siste to åra

- Har eininga di teke i bruk KI eller velferdsteknologi i drift dei siste to åra?
- Om ja:
 - Kva type løysing eller teknologi er teke i bruk?
 - Kva var hovudformålet (t.d. kvalitetsforbetring, tidsbesparing, ressursutnytting, tryggleik, arbeidsmiljø)?
 - Kva effektar er erfart så langt, til dømes:
 - Forbetring i kvalitet på tenesta?
 - Tidsbesparing eller frigjorde årsverk?
 - Andre målbare eller merkbare effektar (t.d. brukartilfredsheit, økonomi, arbeidsmiljø)?

2. Planar for dei neste to åra

- Har eininga planar om å ta i bruk KI eller velferdsteknologi i større grad dei komande to åra?
- Om ja:
 - Kva område gjeld dette?
 - Kva forventa effektar ser ein føre seg (kvalitet, tidsbesparing, ressursbruk, arbeidsmiljø, m.m.)?

3. Kompetanse og informasjon

- Opplever eininga at de har tilstrekkeleg informasjon og kompetanse om kva moglegheiter som ligg innanfor KI og velferdsteknologi i dag?
- Om ikkje:
 - Kva type informasjon, opplæring eller støtte meiner de ville vore mest nyttig for å ta dette vidare?

5. Strategi og forankring

- Er bruk av KI eller velferdsteknologi del av eininga sine mål, strategiar eller årshjul?
- Kven har ansvar for oppfølging og koordinering av slike tiltak?

6. Økonomi og gevinstrealisering

- Har eininga kartlagt økonomiske eller ressursmessige gevinstar av tiltaka (t.d. frigjorde årsverk, mindre kjøp av eksterne tenester, auka kvalitet)?
- Vert slike gevinstar følgde opp og dokumentert?

7. Etikk, personvern og tryggleik

- Korleis vurderer eininga personvern, datasikkerheit og etiske sider ved bruk av KI og velferdsteknologi?
- Har ein rutinar eller retningslinjer for dette?

8. Kompetanse og opplæring

- Kva tiltak vert gjort for å heve kompetansen blant tilsette på KI og velferdsteknologi?
- Er det behov for felles opplæring, ressursmiljø eller deling av erfaringar mellom einingar?

9. Samarbeid og deling

- Samarbeider eininga med andre kommunar, KS, statlege etatar eller leverandørar i utvikling/bruk av KI og velferdsteknologi?
- Er det eksempel på løysingar som kunne delast eller skalerast til fleire tenesteområde?

Takk for bidraget til å gi eit heilskapleg bilete av kommunen sitt arbeid og potensiale på desse områda.

Svar:

Kommunalsjef Areal og forvaltning Halfdan Krohn-Brekke svarte munnleg ut desse spørsmåla i møtet. Sjå vedlegg.

DUK - 006/26 Vedtak: